



**Radøy kommune
v/formannskapet**

Uttale i sak vedk. tilkott til idrettsanlegg.

Kommunestyret har kome med eit oversendingsframlegg i samband med budsjetthandsaminga for 2015, der rådmannen er beden om å koma med ei utgreiing av korleis kommunen kan bidra til å realisera nye kunstgrasbaner på Bø og Manger. Utgreiinga skal bl.a drøfta korvidt kommunen skal gå inn som medeigar i anlegga evt. korleis investeringsmidlar skal kunna nyttast.

Radøy idrettsråd skal som idretten i kommunen sitt overordna organ gje uttale i saker som gjeld idretten. Idrettsrådet konstaterer at administrasjonen diverre nok ein gong har «gløymt» at idrettsrådet er høyringsorgan i slike saker, jmf. samarbeidsavtalen mellom idrettsrådet og Radøy kommune. Det vart difor kalla inn til eit hastemøte der medlemene i idrettsrådet fekk kort tid på seg til å setja seg inn i saksdokumentet.

Radøy idrettsråd diskuterte saka i møte onsdag 15. april, og det vart gjort følgjande vedtak;

Radøy idrettsråd ynskjer at tilskotsordninga til investering i idrettsanlegg heldt fram, slik praksis til no har vore i Radøy kommune. Ein ser at kommunen sin del vert høgast råd i forhold til spelemidlar og laga sin eigenandel. Likheitsprinsippet i høve til handsaminga av alle laga må framleis handhevast.

Dette må ikkje gå ut over dei årlege kommunale tilskota til vedlikehald av idrettsanlegga eller kulturmidlane til laga.

Idrettsrådet ser ikkje nokon grunn til at kommunen skal gå inn som medeigar i anlegga, men er einig i at i den grad det er nødvendig for kommunal drift, kan kommunen inngå leigeavtale med alle aktuelle lag.

Manger, 15.04.2015

Jostein Borlaug
Nestleiar/sekretær

Bjørn Ove Myking
Leiar